


W. RASHFELLS

# PLAN

for

## FISKARFAGSKULANE





## FISKARFAGSKULANE

Statens Fiskarfagskule, Laksevåg (ved Bergen).

Statens Fiskarfagskule, Florø (mellombels innstilt).

Statens Fiskarfagskole, Aukra (ved Molde).

Statens Fiskarfagskole, Ladehammeren, Trondheim.

Statens Fiskarfagskole, Gravdal i Lofoten.

Statens Fiskarfagskole, Honningsvåg (Finnmark).


har

*Fiskeskipperline* som fører fram til fiskeskippereksamen.  
Skuleåret varer i 10½ månad (15. august—30. juni).

*Motorline*. Kurset varer i omlag 5 månader. To kurs for året (15. august til jul, og 7. januar til 15. juni).

*Fiskebåtstuertline*. Kurset varer i omlag 5 månader. To kurs for året (15. august til jul, og 7. januar til 15. juni).

*Alle skulane er internatskular der elevane får gratis opplæring, fritt hus og kost og fri reise til og frå skulen. Skulemateriell (lærebocker, skrivesaker o. l.) må elevane betale sjølve. Von om stipend og lån.*



Statens Fiskerifagskule, Laksevåg.

Alle har interesse av å gjere det best mogeleg i livet. Men framgangen kjem ikkje av seg sjølv. Ein må sjølv gjere noko for å tryggje framtida si.

Røynslene viser at den som i ungdomen skaffar seg utdanning, står sterkast i konkurransen og gjerne får dei beste og tryggaste økonomiske kåra.

For å gje fiskarungdomen fagopplæring har staten etter krav frå fiskarane skipa fiskerifagskular som gjev fiskarane utdanning på fiskeskipperlina, motorlina og fiskebåtstuertlina.

Staten driv no 5 fiskerifagskular. Ein ligg i Laksevåg ved Bergen, ein på Aukra ved Molde, ein på Ladehammaren i Trondheim, ein i Gravdal i Lofoten og ein i Honningsvåg.

Alle skulane har fiskeskipperline og motorline. Fiskebåtstuertline er det ved skulane i Laksevåg, Trondheim, Gravdal og Honningsvåg.

## FISKESKIPPERLINA

Fiskeskippertlina fører fram til fiskeskippereksamen med eksamen både i navigasjonsfag og fiskefag. Navigasjonsundervisninga gjev elevane noko større kunnskapar enn til kystskippereksamen av 1. klasse. Fiskeskippersertifikat vil med nok fartstid gje rett til å føre fiskefarty utan omsyn til storleik og i alle farvatn. Undervisninga varer i 10½ månad.

Undervisninga har desse formåla:

- a) Å gje elevane gode kunnskapar i navigasjon.
- b) Å gjere elevane meir dugande i dei greiner av fisket som dei alt har noka røynsle i.
- c) Å gje elevane kjennskap til anna fiske enn det dei har drive før, og lære dei å kjenne andre fiskefelt, andre metodar og andre tenkjelege utvegar for fiske, så dei kan makte å leggje om eller utvide yrket sitt på ein formåls-tenleg måte.
- d) Å gje elevane kunnskapar om naturgrunnlaget for fisket, så dei kan døme om framtidsvonene for fisket, og gjere seg opp ei sjølvstendig meining om dei aktuelle spørsmål som kan reise seg i fiskenæringa.
- e) Å gje elevane ei betre ålmenopplæring enn den folkeskulen gjev.

Det blir undervist i desse emna:

*Almenfag:* norsk (nynorsk eller bokmål etter eige ynske), rekning, rekneskapsføring, naturfag, engelsk og helselære.

*Navigasjonsfag:* navigasjon, meteorologi, motorlære, sjømannskap, signalering, radiotelefoni, radar, radiopeiling og bruk av ekkolodd.

*Fiske-fag:* reiskapslære og praktisk fiske, fiskebiologi og havlære.

Undervisninga i radiotelefoni og radar fører fram til radiotelefonisertifikat og radarsertifikat.

Skuleåret tar til 15. august kvart år.

*Opptakingsvilkår:*

Søkjarar til fiskeskipperlina må sende til skulen:

1. Vitnemål frå folkeskulen.
2. Rettkjend attest for fartstid (dekksteneste) på dekksfarty og for å ha vore med på fiske. Fartstida må vere minst 24 månader etter at søkjaren har fylt 15 år.
3. Attest på fastsett skjema for at syn og høyrsel er gode nok.
4. Attest for framferd frå lensmann eller politi.
5. Vanleg helseattest med helsekort av ny dato.

Søknadsskjema får ein fritt frå skulen.

## MOTORLINA

Kurset varer i omlag 20 veker. Det blir halde eit vårkurs og eit haustkurs kvart år.

Motorkurset har til formål å lære elevane å stelle og passe fiskebåtmotorar. Dessutan skal det gje elevane så god opplæring i elektrisitetslære at dei får føresetnader til å ta vare på dei elektriska anlegga ombord i fiskefarty. Eksamen på denne lina gjev ingen rettar etter maskinistlova. Elevane får godkjend opptil 7 månaders verkstadtid.

Det blir undervist i desse emna:

*Almenfag:* norsk, rekning, fysikk og kjemi.

*Teoretiske yrkesfag:* motorlære, elektrisitetslære, materiallære.

*Praktiske yrkesfag:* metallsløyd, motorlære, elektrisitetslære, maskinteikning.


Noko over halvparten av undervisningstida blir nytta til øvingar i verkstad og motorrom.

Kursa tek til 15. august og omlag 7. januar. Haustkurset sluttar til jul, vårkurset omlag 15. juni.

### *Opptakingsvilkår:*

Søkjjarar til motorlina må sende til skulen:

1. Vitnemål frå folkeskulen.
2. Rettkjend attest for fartstid. Attesten må gje opplysning om søkjaren har vore med på fiske i fartstida, og om han har fått øving i å passe motorar. Fartstida må vere minst 24 månader etter at søkjaren har fylt 15 år, og han må ha fått øving i å passe motorar. Ein krev ikkje verkstadpraksis.
3. Attest for framferd frå lensmann, prest, lærar eller annan offentlig tenestemann.
4. Vanleg helseattest med helsekort av ny dato.  
Søknadsskjema får ein fritt frå skulen.



Statens Fiskerifagskole, Aukra, (foto Birkeland).

### FISKEBÅTSTUERTLINA.


Opplæringa varer omlag 20 veker. Det blir halde eit vårkurs og eit haustkurs kvart år. Eksamen på fiskebåtstuertlina ved statens fiskerifagskular gjev rett til å løyse fiskebåtstuertsertifikat. Ein må då ha minst 2 års praksis i restaurantfaget ombord i farty og/eller i land. Det blir no kravd sertifikat av kokk eller stuert på fiskefarty over 100 br. tonn.

Formålet med undervisninga på fiskebåtstuertlina er å lære opp byssepersonell til fiskeflåten.

Hovudvekta legg ein på den praktiske undervisninga. Den teoretiske undervisninga blir avgrensa til det naudsynlege i norsk, rekning, rekneskapsføring, engelsk, kostlære og hygiene.

Elevane lagar maten til skuleinternatet. Skulane har hjelp til reingjering.





Statens Fiskerifagskole, Gravdal.


Kursa tek til 15. august og omlag 7. januar kvart år. Haustkurset sluttar til jul, vårkurset omlag 15. juni.

*Opptakingsvilkår:*

Søkjjarar til fiskebåtstuertlina må vere fylt 17 år før kurset byrjar. Dei må sende inn desse attestane:

1. Vitnemål frå folkeskulen.
2. Rettkjend attest for minst 12 månaders fartstid på dekkfarty. Attesten må gje opplysning om søkjaren har gjort teneste i byssa i fartstida. Skulen kan dispensere når det gjeld fartstida.
3. Attest for framferd frå lensmann, prest, lærar eller annan offentleg tenestemann.
4. Vanleg helseattest med helsekort av ny dato.

Søknadsskjema får ein fritt frå skulen.



Statens Fiskerifagskole, Honningsvåg, (gåve frå Oslo by).

## VILKÅR i SKULETIDA

(Gjeld alle tre linene).

Alle fem skulane er statsskular og høyrer inn under Fiskeridirektoratet. Dei er under tilsyn av eit råd som er opnemnt for kvar skule. Alle søkjarer til skulane står likt utan omsyn til kvar i landet dei bur, og dei elevane som blir opptekne får gratis undervisning, og dei får godtgjort reiseutgiftene til skulen og heimatt når kurset er slutt. (3. eventuelt 2. klasse på båt og 2. klasse på jarnveg).

Blankett for reisemoderasjon får ein frå skulen.

Det krevst lækjarattest av dei elevane som blir opptekne ved skulane. Når elevane kjem til skulen, må dei la seg undersøkje slik som skulelækjaren fastset. Elevane og internatet står i heile skuletida under tilsyn av skulelækjaren.

På skulen bur elevane i internat og får fritt hus og kost. Dei betaler ikkje skulepengar.

Elevane må sjølve halde seg med handkle og såpe. Skulen held vanlegvis sengklede.

Skippererelevane må ha med seg arbeidsklede og sjøhyre, motorpassarelevane arbeidsklede (dongeri) og kokkelevane minst to kvite jakker og kokkehue.

Elevane må kjøpe skulebøker og anna skulemateriell.




Reiskapsarbeid.

All undervisning er obligatorisk. Elevane må rette seg etter dei ordensreglane som gjeld for skulen. Dei har ikkje lov til å vere borte frå skulen eller frå timane utan løyve av rektoren. Dersom ein elev vert vist bort frå skulen eller forlet skulen utan rimeleg grunn, kan rådet krevje at han godtgjer utgiftene til opphaldet for den tid han har vore ved skulen.

Skulane er nå godt utstyrde med moderne undervisningsmateriell og samlingar til undervisninga. I nokon mon rår dei over småbåtar og fiskereiskapar som elevane kan få lov til å bruke i samråd med rektoren. Skulane har fagbibliotek der elevane kan låne fagbøker og tidskrifter.

Juleferien varer ca. 18 dagar. Skulen betaler ikkje reise-pengar for heimreise i feriane.

Elevane skipar elevlag og elevråd der dei vel sine tillitsmenn som er elevane sine målmenn andsynes skulen.



Frå daglegstove.

Elevane må sjølve syte for å vere sjuketrygda i skuletida. Fiskarkort eller annan kvittering for betalt sjuketrygd skal dei leggje fram når dei kjem til skulen. Trygdepremien for skuleelevar er svært billig. Skulen held elevane ulukkestrygda i den tida dei arbeider i skuleverkstaden. Dei som er pliktig pensjonstrygda, får under skulegangen godskrive pensjonsgjevande veker utan å betale premie.

Elevane må sjølve syte for trygding av sine private ting.

Lån og stipend kan elevane søkje om i Statens lånekasse for studerende ungdom. Søknadene blir sendt gjennom skulen etter at elevane har møtt fram. Elevane bør derfor ta med seg til skulen likningsattest for siste likningsåret for seg og for eventuell forsyntar (far eller føreset).

# LITT MEIR OM DEI EINSKILDE LINER OG FAG.


## FISKESKIPPERLINA

### *Fiskefaga.*

Alt før den unge fiskaren kjem til fiskarfagskulen, har han ein del kunnskapar om fisket. Han kjenner konstruksjonen og bruken av ein del reiskapar, og han veit noko om kvar fisken er og om vanane hans. Men han vil ha stor nytte av å få betre kjennskap til livstilhøva hos dei fiskeslag som fiskarane legg seg mest etter, til dømes gyteområde og gyte-tid, vandringar og vandringsvegar, kor djupt fisken går i ymse høve, kva lys og temperatur har å seie for han, kva slags mat han et, næringsområda hans m. m. Fiskelæra gjev slike opplysningar, og dei vil hjelpe fiskaren til å forstå yrket sitt betre og finne ut kva slags reiskapar han skal bruke, og korleis han skal bruke dei.

Fiskelæra gjev og opplysningar om dei materiala som fiskereiskapane blir laga av og dei vareslaga som er i handelen. Ein får vite korleis reiskapane må lagast for å bli så effektive og handsamelege som råd er og korleis dei skal stel-last og vølast. Det blir dessutan og lagt stor vekt på bruken av dei ymse reiskapane og utrustinga til dei ulike slags fiske. Ein freistar og å knyte opplæringa til praktiske øvingar på sjøen, og til utferder til verksemder og fabrikkar.

Ei viktig side av fiskelæra er å gje elevane kjennskap til anna fiske enn det dei har drive før. Vår kyst er lang og fiskarane drifter over eit vidt område. Det er derfor svært få fiskarar som har nok kjennskap til naturtilhøva, til fiskane, fiskerikdomane og fisket i heile dette området. Same fisket kan og drivast på ulike måtar på dei ymse delar av kysten. Når fiskarane får kunnskapar om desse ting, kan dei leggje om drifta slik at ho løner seg betre.



Instrumentrom.

Det finst fiskeslag og andre sjødyr som blir lite nytta i dag. Men kanskje kunne folk med betre kjennskap til dei nytte dei ut med god fortieneste. Rekefisket og størjefisket er døme på fiske som har byrja på eit slikt grunnlag.

Det er og viktig å lære at havet ikkje er utømeleg; at fiska kan øydeleggjast eller minke ved rovdrift eller dersom dei blir uvitugt utnytta. Nå får fiskarane meir og meir å seie når det gjeld dei tiltak som styresmaktene skal setje i verk for å verne om fiskesetnaden og dei økonomiske og sosiale interessene til fiskarane. For å kunne døme sakleg om desse ting treng derfor fiskarane kunnskapar om naturgrunnlaget for fisket og om brigde i fiskesetnaden.

Det er tilhøva i havet som avgjer kvar fisken lever, særleg temperatur, salthald, straumar eller djupn- og botntil-

høve. Det er her nok å nemne at ein kan seie med stor visse kvar silda er når ein kjenner temperaturtilhøva i Norskehavet. Det er og vel kjent at torsken i Lofoten held seg i eit vasslag med ein viss temperatur, og står grunnare eller djupare alt etter kvar dette vasslaget er. Vil ein fiskar ha retteleg god kjennskap til fisket, bør han derfor få kunnskapar i havlære.

### *Navigasjonsfag.*

Det er sagt at fiskarane skal leve både av havet og på havet. Dei må ofte finne fram til avgrensa fiskefelt der fisken skal takast. Derfor må dei vere svært flinke navigatørar. Men fiskarane må og kunne ta seg fram over havet til oversjøiske fiskefelt.

Navigasjonsundervisninga ved skulane gjev solide kunnskapar både for kystnavigasjon og for segling over havet. Saman med navigasjonsopplæringa får elevane og øving i å bruke radiopeiling, radar og ekkolodd, og dei får høve til å ta radiotelefonisertifikat og radarsertifikat.

Undervisninga i navigasjon fører fram til fiskeskipper-eksamen som vil kunne gje rett til å føre fiskefarty av alle storleikar i alle farvatn.

### *Almenfag.*

Dei kunnskapane som folkeskulen gjev, til dømes i norsk og rekning, strekk ikkje til i alle høve for mange i eit moderne samfunn. Ein fiskeskipper i dag har stor nytte av å kunne ordleggje seg skriftleg. Han må ofte skrive rapportar og søknader, fylle ut skjema, tinge varer og føre korrespondanse med styresmaktene, verkstader og fabrikkar om båt og utstyr.

Fiskarfagskulane repeterar kunnskapane frå folkeskulen i norsk og fører elevane vidare, med di ein legg serleg vekt på



Øvelse i bruk av radiotelefon.

å utvikle evna til å ordleggje seg skriftleg, og til å setje opp slike skriv som kan kome på tale for fiskarane.

I rekning er det naudsynleg å repetere og utvide kunnskapane frå folkeskulen av omsyn til navigasjonen. Men reknetamen er og verdfull på andre måtar. Fiskarane driv båten sin som ei forretning og må derfor vere både rekne- og rekneskapskunnige. For å stette det siste kravet har fiskarfagskulane undervisning i rekneskapsføring, og her får elevane lære å setje opp typiske fiskebåtrekneskapar.

Mellom ålmenfaga er og teke med litt naturfag, som berre utgjjer ein liten del av pensumet, og har til formål å stø opp under dei andre faga. Det er til dømes naudsynleg å vite litt



om plante- og dyrelivet i sjøen for å kunne forstå naturgrunnlaget for fiska, og ein må ha kunnskapar i fysikk for å skjønne korleis motoren, vinsjen, radiotelefonen, radaren, ekkoloddet, peileapparatet og det andre tekniske utstyret om bord verkar.

Fiskarfagskulane gjev og opplæring i engelsk, særleg lagt til rette for fiskarar og sjøfolk. Dei lærer å skjønne engelske kart, fyrllister og rorkommando, og får eit godt grunnlag i engelsk til å byggje vidare på.


I helselære får ein vite ein del om dei vanlegaste sjukdomane, og ein får instruksjon i førstehjelp og opplivingsfreistnad. Om råd er blir det og gjeve opplæring i symjing, noko alle fiskarar bør kunne.

Men privatøkonomien er berre ei side av fiskaren si økonomiske stode. Den andre sida gjeld samfunnet. I stor mon blir fiskarane under eitt råka av økonomisk nedgang i næringa. Mange spørsmål som knyter seg til desse problema, kan løysast når fiskarane står saman i sin faglege og økonomiske organisasjonar. For å få sakleg grunnlag å byggje på i slike spørsmål, får fiskarfagskule-elevane lære ein del om organisasjon og samyrke.

Til slutt kan ein nemne at kunnskapar ikkje berre har verd i seg sjølv. All undervisning utviklar evne til å orientere seg i dei ymse spørsmål som reiser seg, og ho utviklar og tanken og evna til å ordleggje seg både skriftleg og munnleg. På den måten gjer ho og mennesket meir skikka for sitt spesielle yrke og for tilværet i det heile, og ho gjer livet mykje rikare for den einskilde.

## MOTORLINA

Motoren har minka slitet og gjeve fiskarane høve til å få betre kår. Han har og gjort fiske- og fangstfarty svært effektive og sikre i drift. Storleiken både på båt og motor



Frå motorverkstaden.

har vorte større etter kvart, og hjelpemaskinane har og vorte større og fleire.

Fiskarane har alltid hatt stor interesse for motorar og sume har etter kvart samla seg ein del kunnskapar om dei. Men røynslene har ofte vore dyrekjøpte, og det har skorta på handverksopplæring, så fiskaren ofte ikkje har kunna gjort småreparasjonar sjølv, jamvel om han hadde hjelperåder.

Motorkursa ved fiskarfagskulane skal gje både teoretisk og praktisk opplæring og ein elev som har gått kurset kan ta vare på både hovud- og hjelpemaskineriet om bord på eit fiskefarty på ein forsvarleg og økonomisk måte og dessutan gjere naudsynlege småreparasjonar.

Om lag halve skuletida blir nytta til praktisk arbeid på skuleverkstaden. Her får elevane lære å bruke fil, vinkel, passar og måleinstrument. Ein har god bruk for å kunne dette når ein skal passe saman lager med lita klaring. Elevane får og undervisning om gjenger og handsaming av gjengeverktøy. Dessutan får dei lære meisling, boring, dreining, sliping, tinnlodding, slaglodding, å lappe og skøyte røyr, å setje flensar på røyr o.s.b. Dei lærer og med små hjelperåder å støype kvitmetall i metall- og støypejernlager. Så får dei øve seg i autogensveising. På verkstaden blir og motorar overhala, og

elevane får øving i å køyre motorar av ulike typar. I smia lærer dei å smi og herde meislar o. l.


I motorlæra lærer dei korleis eksplosjons- og forbrenningsmotoren verkar, og læraren går grundig igjennom dei ein-skilde delar som t. d. forgassar, magnet, oljepumper, filter, dyser, regulatorar o.s.v. og verkemåten deira.

Materiallæra tek med dei vanlegaste metalla og legeringane og eigenskapane deira, og korleis dei blir handsama og nytta i motorane.

I elektrisitetlæra legg ein stor vekt på konstruksjonen av akkumulatoren og dynamoen, verkemåte og pass. Dei lærer og opplegg og kopling av elektriske anlegg om bord og om motstand og naudsynleg tverrskurd på elektriske leidningar.

Elevane får og opplæring i skissering og teikning. Dette vil dei ha stor nytte av når dei skal tinge nye delar til motoren.

I ålmenfaga, norsk og rekning friskar dei opp att kunnskapane frå folkeskulen, men lærer og meir så langt tida tillet det. I fysikk og kjemi får dei kunnskapar som hjelper dei til å forstå verkemåten åt motoren, til dømes om vektstenger, trykk, temperatur, rørsle, friksjon, forbrenning, eigenskapane til olje o.s.b.



Undervisningskjøkken.

## FISKEBÅTSTUERTLINA

Fiskarane våre har etter kvart fått større og betre farty og driv og fiske på fjerne farvatn. Dette har auka krava til proviantering og matstell om bord. Eit fullverdig kosthald om bord er og overlag viktig for trivselen og arbeidsevna til mannskapet.

Det blir sett store krav til den som skal stå for proviantering og matlagning om bord i fiskefarty. Derfor har det vorte skipa fiskebåtstuertliner ved nokre av statens fiskarfagskular. Her får elevane ei grundig og allsidig opplæring, både praktisk og teoretisk.

Undervisninga tek med desse faga:

*Matlaging og baking.*

Elevane får lære å lage sunn og nærande kost og å nytte ut råstoffa rasjonelt. Hovudvekta legg ein på vanleg skips-

kost med dei vanlege brøds slag, men dei får og lære å lage andre retter og anna bakverk som kan kome på tale ved særlege høve.

#### *Orden og reinsemd. Økonomisk bruk av provianten.*

Reinsemd er svært viktig for helsa, og for å hindre smitte. Elevane får derfor undervisning i korleis dei skal halde matstell, kokekar, bysse, inventar og lugarar reine. Dei får og noko kjennskap til økonomisk fyring, borddekking, servering, inndeling og samansetjing av måltida. Dei lærer og å rekna ut naudsynleg proviant til ymse turar og å setje opp proviantlister.

#### *Kostlære.*

Her får elevane kunnskapar om ymse næringsemne og verdien deira, om korleis dei skal setje saman kosten på best tenleg måte og ta vare på drikkevatnet om bord. Dei får og lære om sjukekost.

#### *Rekning og rekneskapsføring.*

I rekning friskar elevane opp att kunnskapane i dette faget frå folkeskulen og lærer meir, m. a. om inna- og utelands valuta, mål og vekt og prosentrekning. I rekneskapsføring lærer dei å setje opp og føre proviantrekneskap og proviantlister.


#### *Norsk og engelsk.*

I norsk legg ein vekt på å lære elevane å ordleggje seg skriftleg, så dei kan tinge varer, korrespondere, skrive søknader, fylle ut skjema o.s.b.

I engelsk lærer elevane enkle ord og vendingar som dei støyter på i yrket sitt. Dei lærer og å lese og forstå lettare engelsk tekst med emner frå elevane sin eigen fagkrins.

### *Hygiene.*

Her kjem ein først og fremst inn på dei hygieniske tilhøve om bord, smittefare, kva reinhald har å seie, første-hjelp, innhald og bruk av medisinkista, sjukediett o.s.b.



Fiskeridirektoratets Småskrifter

Nr. 1 — 1965

---

*Utgitt av*

FISKERIDIREKTØREN

A/S JOHN GRIEGS BOKTRYKKERI

BERGEN 1965